



Alver kommune  
plan- og byggesak

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/8888 - 20/50504

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:  
18.08.2020

## Foreløpig uttale frå landbruk til jordtipp GBNR 143/1 Håland

Etter synfaring på bruket i juni 2020 saman med byggesaksvedlinga har me gjort oss nokre tankar om aktuelle ting som me bør diskutera nærmare som gjeldt verknad og risiko av tiltaket.



- Vegtilkomst – ulempe for naboar

Det er gang og sykkelveg fram til avkjøring, men hus ligg tett ved veg, og med mengder massar som her er skissert vil det verta stor trafikk til og frå.

- Kulturlandskap/kulturminne påverknad

Sjølv om det allereie er etablert ein tipp på garden som snart er ferdigstilt vil det bety ei stor endring i kulturlandskapet. Det har veldig mange kvalitetar både bygningsmessig og landskapsmessig. Ein kunne få inntrykk av at det var ein god del turgåing i området. Eit vesentleg spørsmål vert om staden er egna til jordtipp.

- Avrenning

Det var ikkje synlege bekkar i tippene, men i og med att dette bruket ligg høgt oppe, vil vatnet kunna føra med seg humus og anna nedover.

- Utgliding

Sidan terrenget er skrått og til dels bratt må ein vera sikker på at vollane vert bygd slik at dei er sterke nok til å hindra utgliding. Det er stor tippelhøgde på tippene nærast driftsbygning og voll ned mot nabo vil verta høg og dominerande i landskapet

- Nytte av tiltaket

Det må sjåast nærmare på forbeholdet for dagens drift, og om planane om utbygging er realistiske og moglege å gjennomføra. Ein ny driftsbygning vil fort kosta 5-7 millionar, og det skal ei monaleg forgrunnlag til å forsvare ei slik investering. I tillegg vil areala vera ute av drift i mange år i annleggsperioden. Det som talar for er at mesteparten av arealet nordvest for våningshus er overflatedyrka, og vil kunna gje betre avling visst det vert fulldyrka.

- Kva type massar:

Erfaringsmessig kjem det både god mineraljord og suppete myrjord. Det kan vera utfordrande plass å ta i mot våte massar pga terrenget. Bør ein avgrensa storleiken på tippene ut frå at dei har brukt svært lang tid for å ferdigstill eksisterande tipp.

- Naturmangfald

Det er ikkje registrert noko i naturbasen innanfor areal. Må sjekka nærare i artsdatabanken.

Trur det vil vera fornuftig med handsaming etter bakkeplaneringsforskrifta eller nydyrkingsforskrifta for å få vilkårshemel. elles er det komen nytt EU-direktiv som Norge visst har slutta seg til. Kan ha betydning for korleis me handsamar slike saker

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Alver kommune